



SØKNAD OM REDUKSJON I FORELDREBETALING OG/ELLER GRATIS KJERNETID- BARNEHAGE

For rettleiing, sjå neste side. Finnøy kommune vil kunne kontrollere opplysningane ved aktuelle instansar.

PERSONALIA	Namn	Personnummer
Foreldre/Føresett 1:		
Foreldre/Føresett 2 /sambuar:		
Barn i familien med barnehageplass		
Barn 1:		
Barn 2:		
Barn 3:		
Barnet/barna si folkeregistrerte adresse:		
Namn på barnehagen og opphaldstid i barnehagen (tal dagar pr. veke):		

Inntekt	Føresett 1	Føresett 2/ Sambuar	Vedlegg/dokumentasjo n
Skattepliktig person- og kapitalinntekt for det siste året (post 2.1 og 3.1 i skattemld.)	Kr:	Kr:	Dokumenterast ved skatte- meldinga frå det siste året
Brutto næringsinntekt før renter det siste året (gjeld sjølvstendig næringsdrivande)	Kr:	Kr:	Dokumenterast ved skatte- meldinga frå det siste året/ utskrift av likninga
Får du noko utbetaling frå NAV (i tillegg til barnetrygd/bidrag, kontantstøtte, grunn- stønad)?	Ja (kryss av) Nei	Ja (kryss av) Nei	Viss ja, dokumenter ved oppdatert stadfesting frå NAV
Sum pr.år alle stønadar frå NAV (inkl. evt. utgifter som NAV betaler direkte, t.d.husleige)	Kr:	Kr:	
Anna inntekt (utbetalingar frå private forsikringsordningar etc. og anna inntekt som ikkje kjem fram over, t.d. leige- inntekter e.l.)/andre stønadar (stønadar frå andre off. instansar som ikkje kjem fram over). Sum utbetaling pr.år:	Ja (kryss av) Nei Kr:	Ja (kryss av) Nei Kr:	Viss ja, dokumenter ved oppdatert stadfesting frå vedkomande utbetalingsinstitusjon eller anna dokumentasjon
SUM INNTEKT PR. ÅR:	Kr:	Kr:	

Eigenerklæring ved søknad om redusert betaling:

Er noverande inntekt lik inntekt i skattemelding frå sist år som er lagt ved?

Ja (kryss av) **Nei**

Viss nei, legg ved anna dokumentasjon i tillegg til skattemeldinga.

(Anna dokumentasjon kan vere stadfesting frå arbeidsgjevar saman med siste lønsslipp).

Ja (kryss av) **Nei**

Er du mottakar av stønad til barnetilsyn frå NAV?

Opplysningane som er gitt er fullstendige og korrekte, og all nødvendig dokumentasjon som stadfestar opplysningane over er lagt ved denne søknaden. Eg/me stadfestar at husstanden har lest og forstått rettleiinga til dette skjemaet, og eg/me har vorte forklart eventuelle uklarheiter. Eg/me er klar over at feilaktige opplysningar vil føre til full sats ved barnehagebetaling og krav om etterbetaling av feilaktig reduksjon.

Søknadsfrist 10. juni 2019

Dato/stad

Underskrift Føresett 1

Underskrift Føresett 2/sambuar



RETTELEIING TIL SØKNAD OM REDUKSJON I FORELDREBETALING I BARNEHAGE OG GRATIS KJERNETID I BARNEHAGEN FOR 4-5-ÅRINGAR (same søknadsskjema)

Foreldrebetaling i barnehage

Foreldre med barn i barnehage skal ikkje betale meir enn makspris for ein barnehageplass. Frå 1. aug. 2019 er makspris for heiltidsplass 3 040 kr. per mnd. Det blir betalt for 11 mnd. Maksgrrensa blir fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. I tillegg kjem kostpengar, på nokre hundre kroner i månaden. Viss du har låg inntekt eller fleire barn i barnehage, er det fleire moderasjonsordningar. Dette gjeld både private og kommunale barnehagar. Kommunen har det økonomiske ansvaret. **Søskenmoderasjon** er reduksjon for det andre barnet i ein søskenflokk med 30 prosent, og for det tredje barnet med 50 prosent. Dette treng ikkje søkjast om.

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga

Sidan 2015 har ei nasjonal ordning gått ut på at ingen skal betale meir enn 6 prosent av samla inntekt for familien eller hushaldet, for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga blir rekna ut frå hushaldet si samla skattepliktige person- og kapitalinntekt. Frå 1.8.2019 gjeld det for hushald som har samla bruttoinntekt som er lågare enn 557 333 kr.

Som eit hushald reknar ein ektefelle, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuar reknar ein to ugifte personar over 18 år som bur saman i eit ekteskapsliknande tilhøve i minst 12 av dei siste 18 mnd., eller har felles barn. Bur eit barn fast hjå begge foreldra, skal foreldrebetalinga bli rekna ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Gratis kjernetid for barn fødde i 2017 eller tidlegare

Frå 1.8.2019 har alle førskuleborn fødde seinast 31.12.2017, som bur i hushald med låg inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage per veke. For meir informasjon om foreldrebetaling og moderasjon, sjå <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>. For å få moderasjon, må ein søkje til kommunen på eige søknadsskjema og leggje ved skattemelding frå førre år som dokumentasjon. Dette gjeld for familiar med samla skattepliktig inntekt lågare enn 548 500 kr. Skattemeldinga vil normalt innehalde dei fleste skattepliktige person- og kapitalinntekter. I utgangspunktet søkjer ein for kvart barnehageår, men ein kan søkje i løpet av året dersom inntekta til hushaldet endrar seg vesentleg, eller barnet startar i barnehage midt i året. Søkjar er då plikta å leggje ved dokumentasjon på inntekt for hushaldet som ikkje kjem fram i sist skattemelding. Reduksjonar gjeld frå månaden etter at søknaden er registrert motteken i Finnøy kommune sitt postmottak. Det blir ikkje bli gitt reduksjon med tilbakeverkande kraft. Barnehageåret startar 15. august. Søknadsskjema og rettleiing får du i barnehagen eller i servicetorget på Finnøy rådhus. Det er også tilgjengeleg på Finnøy kommune sine nettsider under Barn og familie - Skular, barnehage og sfo.

Søknadsfrist er 10. juni 2019 for barnehageåret 2019-2020.

Send søknad med vedlegg til: Finnøy kommune, barnehagefagleg ansvarleg, Judabergvegen 6, 4160 Finnøy, eller på epost post@finnoy.kommune.no.